



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Rundskriv R

Alle departement
Statsministerens kontor

Nr.
R-7/2019

Vår ref
19/3573

Dato
05.09.2019

Statsbudsjettet 2019 – Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – Ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2019. Finansdepartementet ber difor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2019 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld òg saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer òg merksam på at det kan vere naudsynt å setje ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 16. oktober 2019. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2018
- Saldert budsjett 2019 + tilleggsøyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag for 2019

I hovudbudsjettsskrivet for 2020 vart departementa bedne om å sende inn overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2019 innan 29. juli 2019. For at desse skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag no. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 22. november 2019. Utkast til proposisjon skal leverast Finansdepartementet for kontroll innan 18. november 2019.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2019 vil etter planen verte fremja i statsråd 29. november 2019.

Med helsing

Colin Forthun e.f.
avdelingsdirektør

Richard Gjertsen
fagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer